

Skaparordning – eit nytt tabu-ord

Av Egil Morland,
medlem av Kirkemøtet og Kirkerådet

I den pågåande striden om kyrkja sin samlivsetikk vert det stadig på nytt gitt eksempel på at ord misser sitt opphavlege innhald, før dei vert fylte med nytt innhald. Av og til skjer det på ein relativt elegant måte. Men av og til er det berre plumpt.

På fagspråket vert slike operasjonar kalla de-konstruksjon og ny-konstruksjon. Eit døme er bispemøtet sin bruk av ordet i 1 Mosebok om at det ikkje er godt for mennesket å vera åleine. Det var sagt om mannen, og kvinna blei skapt som hans make og like. Få stader er kjønnpolariteten sterkare demonstrert som konstituerande for samlivet mellom menneske, enn her.

Men i utgreinga «Sammen» vert ordet gjort til eit allment psykologisk prinsipp. Det er jo sant at det ikkje er godt å vera åleine. Det gjeld i alle relasjonar, i alle generasjonar, på tvers av kjønn og rase. For mennesket er eit sosialt vesen. Vi kan ausa av heile Bibelen for å dokumentera det. Gjestmildskap, truskar, tillit og kjærleik stadfester: Vi er skapte til samfunn med kvarandre. Det får sitt fremste uttrykk ved måltidet i heimen og ved nattverdbordet.

Då er det litt av ein provokasjon å ta eit av dei orda som særleg understrekar den spesielle relasjonen mellom mann og kvinne og tømme den for sitt konkrete innhald, for til slutt å bruka ordet til å legitimera det som det i alle fall ikkje kan brukast til.

Den siste tida er det «skaparordning» som er komen i miskreditt. Ordet finst ikkje i Bibelen, vert det sagt. Dessutan misbrukte nazistane dette ordet. Dei gjorde folk til lydige undersåttar og batt dei fast i ordningar som verka undertrykkjande. Ordet skaparordning har ein «brun klang», hevdar dette ord-politiet. Og alle over 50 år veit kva «brun» siktar til.

Skal vi så ikkje få bruka ordet skaparordning? Sjølv sagt skal vi det! Men vi skal fylla det med bibelsk innhald. Når Gud i skapinga såg at alt det han gjorde, var godt, så skal vi med styrke forkynna det! Og så skal vi seia at misbruk ikkje opphevar bruk! Der andre gjorde ordningane til statiske institusjonar, skal vi fokusera på innhaldet i ordningane, og stilla etiske krav til alle som har ei rolle i desse ordningane, anten det er i heimen eller i samfunnet!

På same måten som vi må seia om treeininga: Ordet finst ikkje i Bibelen, men saka finst der, skal vi seia om skaparordningane: Ordet finn vi ikkje i Skrifta, men saka er der i fullt mål.

Vi veit og erkjenner at alt ikkje står bra til – alltid – i våre ordningar. Då er det oss det er noko gale med, ikkje skaparordningane.